



Hobbyklubben på Bedehuset eit tidlegare år Foto: Ola Matti Mathisen

Måndag 2.september klokka 19 startar Hobbyklubben ein ny sesong i Bedehuset. Den har nye og spennande aktivitetar som ein kan prøva seg på. Måndag vert det servert bollar og saft

Her er ein stutt presentasjon av tilbodet:

- * Det vert ei gruppe som skal halda på med foto og film.
- * Hobbygruppe der ein vil prøva nye aktivitetar som t.d bunadsperling og laga ymse ting itre og tekstilar m.m.
- * Har nokon lyst så kan dei byggja legorobotar og programmere dei slik at dei kan gjennomføra ymse oppgåver.
- * Avisgruppa skal produsere eit fyldig nummer av Uskedalsposten til jula .
- * Friluftsgruppa skal sysla med friluftaktivitetar og laga ymse ting som ein kan ha behov for når ein er ute inaturen.
- * Matgruppa vil halda fram med å laga gode rettar

Hobbyklubben sine kveldar varar frå 19.00 til 20.30 og er opne for alle frå 5. klasse og oppover – utan nokon øvre grense

Av Tore Mathiesen